



# Haugaland brann og redning iks

## MØTEPROTOKOLL

### Styret for Haugaland brann og redning iks

**Møtestad:** Diktervegen 8, Haugesund  
**Møtedato:** 23.08.2023  
**Tid:** 10<sup>00</sup>-13<sup>00</sup>  
**Saker:** 23/036-23/045

**Til stades:** Elling Hetland, styreleiar  
Leif Malvin Knutsen, nestleiar  
Heidi Synnøve Nymann, medlem  
Kristin Helle, medlem  
Håkon Winterseth, medlem  
Leon Dale, medlem  
Thor Arne Larsen, medlem  
Anne Kristin Helgeland, fast varamedlem  
Tore Johan Enerstvedt, varamedlem

**Forfall:** Karl Otto Endresen, medlem

**Andre:** Dag Botnen, dagleg leiar

**Diverse merknader:** Anne Kristin Helgeland deltok fram til og med sak 23/039.

**Underskrifter:**  
**Stad:** Haugesund  
**Dato:** 23.08.2023

---

Elling Hetland  
styreleiar

---

Leif Malvin Knutsen  
nestleiar

---

Heidi Synnøve Nymann  
medlem

---

Thor Arne Larsen  
medlem

---

Leon Dale  
medlem

---

Kristin Helle  
medlem

---

Håkon Winterseth  
medlem

---

Anne Kristin Helgeland  
fast varamedlem

---

Tore Johan Enerstvedt  
varamedlem

**Møteprotokoll er sendt til:**

- eigarkommunar
- revisjon/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

# SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Sakshandsaming
23/036	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
23/037	Godkjenning av protokoll av 07.06.2023	Vedtak
23/038	Budsjett 2024 med økonomi- og handlingsplan 2024-2027	Tilråding
23/039	Oppfølging av møte med eigarar 2.6.2023	Prosess
23/040	Orienteringssaker	Orientering
23/041	Innmeldte avvik	Tilråding
23/042	Revidert avtale om bygging av hovudbrannstasjon - HBR	Vedtak
23/043	Oppfølging av sak 23/035 punkt A	Drøfting
23/044	Lønsvurdering brannsjef	Vedtak
23/045	Eventuelt	-

## SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

### 23/036 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

#### Sakshandsaming i styret 23.08.2023

Det vart meldt inn to saker under eventuelt:

- a. Avkorting av faktura for medlemskap i selskapet – Sveio kommune
- b. Fastsetjing av dato for styre- og eigarseminar 2023.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

### 23/037 Godkjenning av protokoll 07.06.2023

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 07.06.2023 som framlagt.

#### Sakshandsaming i styret 23.08.2023

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 07.06.2023 som framlagt.

### 23/038 Budsjett 2024 med økonomi- og handlingsplan 2024-2027

#### Tilråding frå brannsjef

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 860 358,-.

Sjølvkostområdet (feiing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 363 841,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	Herav "etterslep" lån	Kostnad -24	%-fordeling
Refusjon Bokn	-2 053 105	206 047	-1 847 058	2,25 %
Refusjon Karmøy	-54 588 315	-	-54 588 315	59,89 %
Refusjon Sveio	-7 410 117	218 534	-7 191 583	8,13 %
Refusjon Tysvær	-14 521 787	268 485	-14 253 302	15,93 %
Refusjon Vindafjord	-12 055 155	462 044	-11 593 111	13,23 %
Refusjon Utsira	-518 110	131 121	-386 989	0,57 %
Sum	-91 146 589	1 286 231	-89 860 358	100 %

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	<b>13 360 493</b>	<b>1 112 925</b>
Sum		<b>14 473 418</b>

Innbetaling av tilskot skjer med  $\frac{3}{4}$  per 5.1.2024 og  $\frac{1}{4}$  per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

### Sakshandsaming i styret 23.08.2023

Saka må sjåast i samanheng med sakene 23/039-23/042. Budsjettet vert handsama i to rundar for på denne måten å samkøyre selskapet sin budsjettprosess med den kommunale prosessen.

Dagleg leiar la fram saka med dei føringar som er lagt til grunn. Følgjande er påpeika og vert justert fram til 1. gong handsaming:

1. I brannsjefen sitt framlegg til vedtak er refusjonskostnad for feiing/tilsyn i Utsira og Vindafjord bytta plass (er retta med blå skrift over).
2. Fram til 2. gong handsaming må økonomiplan for 2025-2027 ha ein korrekt plassering av kostnadar for dei ulike kontoane.
3. I økonomi- og handlingsplan vert tekst i tabell for området avsetningar (side 12) endra frå «Bruk av disposisjonsfond» til «Bruk/avsetning til ubundne fond/disp. fond».
4. I budsjettdokumentet side 4 vert det presisert at dette er vakante stillingar (oransje boksar).

Endeleg vedtak i saka vert gjort i styremøte 11.10.2023.

### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å legge fram eit endeleg utkast til budsjett 2024 med tilhøyrande økonomi- og handlingsplan til styremøte 11.10.2023.

## 23/039 Oppfølging av møte med eigarane 2.6.2023

### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber frå eigarane om å revidere eigarstrategien i tråd med dei signal som er gitt. Det bør saman med eigarstrategien vera ein konsekvensutgreiing av strategien.

### Sakshandsaming i styret 23.08.2023

Det er viktig å ta innover seg dei signal som er gitt av eigarane, men samstundes er det viktig å sikre ei forsvarleg drift av selskapet for å nå dei mål som eigarane har satt. Ut frå dette vil styret tilrå følgjande tiltak til representantskapet for selskapet:

- a. Styret tilrår eigarkommunane å ta over ansvar for eigen husleige for brannstasjonar og på denne måten oppnå nødvendige incentiv for å halde kostnadar på ein lågast mogleg nivå. For hovudbrannstasjon bør det vera ein eigen fordelingsnøkkel.
- b. Styret ber representantskapet om å definere «eksterne forhold». Selskapet er avhengig av tilskot frå eigarkommunane for å kunne drifte lovpålagte tenester. Utan tilstrekkeleg tilskot er ikkje mogleg å levere ut frå det lov, forskrift og selskapsavtale legg opp til.

- c. For øvrige punkt i saka handlar desse om framtidig utvikling av selskapet som eigarstyring og -strategi, selskapsstrategi, beredskapsnivå og beredskapsanalyse, mandat for eventuell ny beredskapsanalyse m.m..

Tidsmessig er dette kritisk med tanke på fristar der det vert vist til følgjande status:

Stasjon	Budsjett-vedtak	Status	Status vs innmeldt frist (1.1.2025)
Bokn	Ja	Arbeid med tomteløysing.	Usannsynleg å innfri krav innan frist
Skudenes	Innfri gjeldande krav.		
Vea	Ja	Arbeid med tomtekjøp.	Usannsynleg å innfri krav innan frist
Raglamyrr	Ja	Arbeid med anbod.	Usannsynleg å innfri krav innan frist
Sveio	Ja	Klart for byggjestart.	Vil innfri krav
Førde	Ja	Arbeid med tomteløysing.	Usannsynleg å innfri krav innan frist
Aksdal	Nei	Arbeid med tomteløysing.	Usannsynleg å innfri krav innan frist
Tysværvåg	Vedtak om å legge ned.		
Nedstrand	Innfri gjeldande krav.		
Ølen	Innfri gjeldande krav.		
Skjold	Ja	Arbeid med tomteløysing.	Usannsynleg å innfri krav innan frist
Sandeid	Leige	Arbeid med skisser.	Vil innfri krav
Utsira	(Ja)	Ikkje i prosess.	Usannsynleg å innfri krav innan frist

Med dette som utgangspunkt, ber styret representantskapet om eit revidert mandat som tek utgangspunkt i kommunane sine akseptkriterium for beredskap og det handlingsrom som selskapet og eigarane har per i dag.

#### Tilråding frå styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tilrår eigarkommunane å ta over ansvar for eigen husleige for brannstasjonar. For hovudbrannstasjon bør det vera ein eigen fordelingsnøkkel.
2. Styret for Haugaland brann og redning iks ber representantskapet om å definere kva som vert meint med at kostnadsauke for «eksterne forhold» skal dekkast innanfor ramma.
3. Styret for Haugaland brann og redning iks ber representantskapet om eit revidert mandat for beredskapsanalyse dersom saka skal handsamast på ny.

#### 23/040 Orienteringssaker

##### Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

##### Sakshandsaming i styret 23.08.2023

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

#### 23/041 Innmeldt avvik

##### Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å innarbeide tiltak i budsjettprosessen der kompetanse skal vera ein viktig del av drifta i HBR iks.

### **Sakshandsaming i styret 23.08.2023**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å innarbeide tiltak i budsjettprosessen der kompetanse skal vera ein viktig del av drifta i HBR iks.

### **23/042 Revidert avtale om bygging av hovedbrannstasjon**

#### **Brannsjefen sin tilråding**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner kostnadsauke og justerer framlagt leigeavtale med Karmøy kommune i tråd med kostnadsauke.

### **Sakshandsaming i styret 23.08.2023**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner kostnadsauke og justerer framlagt leigeavtale med Karmøy kommune i tråd med kostnadsauke.

### **23/043 Oppfølging av sak 23/035 punkt A**

#### **Brannsjefen sin tilråding**

-

### **Sakshandsaming i styret 23.08.2023**

Det som skal ut av eit styremøte er den informasjon som kjem fram av protokoll. Dette er eit viktig prinsipp som er med på å sikre at det er ein open dialog i møta.

Dagleg leiar har talerett, men ikkje stemmerett.

Rolleforståing eigar- og styrearbeid vil vera tema i eigar- og styreseminaret som er planlagt i starten av november.

Det vert minna om at beredskapsanalyse trinn 2 ikkje er vedteke og skal handsamast på ny.

Utover dette vil ikkje spørsmål frå tillitsvalde svarast ytterlegare opp.

#### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann og redning IKS viser til protokoll i sak 23/023. I protokoll fremgår det om et vedtak er enstemmig, eventuelt hvem som har stemt for eller imot. Utover dette, kan ikke styret kommentere enkeltutsagn eller drøftinger foretatt i styremøter. Styret viser videre til at daglig leder har talerett, ikke stemmerett.

### **23/044 Lønsvurdering brannsjef**

#### **Brannsjefen sin tilråding**

-

### **Sakshandsaming i styret 23.08.2023**

Saka vart handsama utan tilsettevalde styrerepresentantar og dagleg leiar til stades.

Styret gjennomførte lønsvurdering og lønsfastsetjing for dagleg leiar med vekt på følgjande:

- styret er svært nøgd med brannsjefen sitt arbeid for selskapet
- selskapet arbeider innafør stramme økonomiske rammer

- lønsnivået for leiarane i selskapet vart i utgangspunktet fastsett på eit tidspunkt då Haugesund, Etne og Suldal var med i selskapet
- selskapet er betydelig nedskalert i forhold til utgangspunktet

Dette er vurderingar/kriterium, som etter HTA §§ 3.4.0 og 3.4.4, skal/bør tas hensyn til ved fastsetjing av løn på leiarnivå.

### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styreleiar får i oppdrag å formidla resultatet av vurderinga og lønsfastsetjinga til dagleg leiar.

## **23/045 Eventuelt**

### **A. Avkorting av faktura for medlemskap i selskapet – Sveio kommune.**

Det var orientert om at Sveio kommune som eigarkommune har eit kommunalt vedtak om nedtrekk på ramma tilsvarende 300 000,-, ref. budsjetthandsaming 2022. Dette er protokolltilført i sakshandsaminga i representantskapet for revidert budsjett 15.5.2023.

Faktura for 2. periode 2023 er 300 000,- trekt ut frå gjeldande faktura. Det medfører at selskapet har ein uteståande fordring overfor Sveio kommune.

Saka er oversendt Samfunnsbedriftene for vurdering.

Saka vert følgt opp i neste styremøte og deretter framlagt overfor representantskapet.

### **B. Fastsetjing av dato for styre- og eigarseminar 2023**

Det vert foreslått overfor Samfunnsbedriftene å gjennomføre styreseminar 1. november og eigarseminar 2. november (halv dag).

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 6 pages before this page  
Dokumentet inneholder 6 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 6 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument indeholder 6 sider før denne side

Detta dokument innehåller 6 sidor före denna sida

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 7 pages before this page

Dokumentet inneholder 7 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 7 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 7 sider før denne side

Detta dokument innehåller 7 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende